



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/27 - 18/2835

Saksbehandlar:
Nils Moldøen
nils.moldoen@fedje.kommune.no

Dato:
05.09.2018

Søknad om driftsstøtte til båtruta Øygarden - Fedje 2019

Fedje kommune søker med dette Hordaland fylkeskommune om driftstilskot for 2019 på kr 150.000,- til båtruta Øygarden – Fedje.

I avtale mellom fylkeskommunen og kommunane Øygarden, Austrheim og Fedje, har ein gått inn i eit treårig prøveprosjekt, der dei fire partane forplikta seg for tre år.

I brev frå fylkeskommunen, ref. 2017/610-308, kjem det tydeleg fram at føresetnad for tilskotet for 2019 – siste året i prøveperioden - er at Fedje kommune sender inn søknad til Kultur- og idrettsavdelinga innan 1. april 2018.

Me må seia oss leie for at dette ikkje vart gjort. Me har full respekt for at fylkeskommunen må ha greie rammer for å halda god forvaltningsskikk, og det er Fedje kommune sitt ansvar at søknaden ikkje vart sendt.

Samtidig ber me dykk om å gjera eit unntak i dette tilfellet. Båtruta har så langt vore ein stor suksess. Det har vore mange fornøgde reisande. Reiselivet i regionen har hatt stor nytte av tilbodet. Og omdømmet til øyane har styrka seg monaleg.

Er det ein grunn for at søknaden ikkje vart sendt, må det tilskrivast uklare ansvarstilhøve i organisasjonen vår, som òg var noko av årsaka til hendingane knytt til administrasjonen denne våren.

Det står i nemde brev frå fylkeskommunen, at søknad skal sendast via eit elektronisk søknads/registreringsskjema. Dette er ikkje tilgjengeleg no. Dersom det er opplysningar de treng for å vurdere denne søknaden, ber me dykk om å ta kontakt.

150.000 kroner er ein stor sum for ein liten kommune som Fedje. Me ber dykk såleis om å gjera eit unntak for oss denne gongen.

Med helsing

Nils Moldøen
Rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN